

Referat frå møte i det kommunale foreldreutvalet for skule og barnehage, KFU, Kommunestyresalen, 04.12.2018.

Desse var til stades:

Tussejuv barnehage: Kjersti Aase, leiar FAU
Heddeli barnehage: Kristine Heimdal Kleiv, leiar SU, og Siv Omtveit Aasan, FAU
Flatdal barnehage: Sara Fjågesund Aase, FAU
Åmotsdal barnehage: Hilde Laila Dyrland, leiar SU, Maria Fremmerlid, SU
Flatdal skule: Ingunn Furuvald, leiar FAU, og Bente Groven, FAU
Seljord barneskule: Geir A. Haugen, leiar FAU, og Kevin Rue, FAU
Seljord ungdomsskule: Jorunn Hegni, leiar FAU og Lene Brekke, FAU
Ronde Schade, avd.leiar for integrering og vaksenopplæring/skulefagleg rådgjevar
Even Fossum Svendsen, kommunalsjef
Tone Bøhn, pedagogisk konsulent

Sak 08/18: Budsjett 2019 – orientering

Tøft budsjettår. Tap av store inntekter m.a. på grunn av at vi truleg ikkje får fleire flyktningar, negativ befolkningsutvikling, brukt sparepengane i mange år. Får reduksjon på budsjettet for 2019. Skule og barnehage har i gode barne- og elevtal no, men det ser ut som det går ned. I tillegg er det innført nye normer for elevtal og personaldekning i barnehage, og det slår negativt ut for oss som er små. Vi kjem til å merke nedskjeringane i alle sektorar, også i barnehage og skule. Samstundes skal vi vidareføre ein del faglege satsingar, omorganiseringa med t.d. vedteke samanslåing av Seljord barne- og ungdomsskule, 5 dagars skule m.m.

Merk at budsjettforslaget litt på heimesidene våre under Politikk.

Nokre framlegg til nedskjeringar i rådmannens budsjettframlegg:

- Reduksjon i val av tal på dagar i barnehage, forenkla tilbodsregime
 - Litt auke i betalinga for barnehage, SFO og kulturskule
 - Mindre handlingsrom i skule og barnehage
 - Ingen store innkjøp eller større satsingar og investeringar
 - Ikkje finansiering av skuletur for 10.klasse
 - "Skulepakke" går ut (Investeringspakke for bygningsmessige utbetringar i skule)
 - Reduksjon i vedlikehald, utbetringar og tilpasningar av bygg
- Strakstiltak Flatdal skule og ungdomsskulen blir prioritert grunna ikkje godkjende lokale etter lovverk

Vi må heile tida drøfte korleis vi kan spare inn pengar, organisering av tilbod, ferieavvikling o.l. slik at vi kan spare inn pengar.

” 09/18: Digital satsing i skule og barnehage ved Ronde Schade
Oppstart – skulane er prioritert grunna store digitale forskjellar ved skulane.

Foreldrereaksjonar:

Skule:

Positive reaksjonar på kva dei lærer, variasjonar av arbeidsmåtar, elevanes motivasjon.

Ser at nynorsken druknar i appane og MyKid, Min skole o.l.

Ser at arbeid med Ipad er mykje meir motiverande for ein del elevar, særleg ved opne oppgåver.

Ser litt lite skrivelekser, litt skeptisk til det, bekymra for at det kan bli lite handskrift og finmotorisk trening.

Saknar litt meir opplæring for foreldre. kan vere utfordringar i leksearbeidet.

Barnehage:

Foreldre er veldig nøgde med MyKid i barnehage. Ser også spennande bruk av Ipad i

Barnehagen. Kommunen har gjort ein oversetjarjobb til nynorsk for MyKid, så det kjem ein nynorskvariant snart.

Foreldre er veldig nøgde med verktøy som MyKid og Min Skole, glade for å sleppe lappar i sekken,

og fråværsmeldingar er utruleg greit i slike system.

Alle elevar og lærarar har teke i bruk læringsbretta (Ipad). Har vore mykje teknisk arbeid, prøving og feiling, teknisk arbeid no i oppstarten. Vi må framleis videreutdanne/kurse personalet meir, ikkje minst assistentgruppa. Viktig å framleis jobbe på andre måtar i skulen, læringsbrett skal ikkje erstatte alt. Mbilskole er kommunikasjonsverktøy for skule. MyKid er tilsvarande i barnehage. Er på gang vurdering av alt av skule- og barnehageverktøy i Vest-Telemark, så det kan bli endring i verktøy. Ronde er kontaktperson og koordinator for den digitale satsinga. Viss foreldre opplever problem med verktøya, så ta kontakt med Ronde Schade. Vi legg ut kontaklinformasjon til Ronde på heimesidene (IKT i skule og barnehage).

Ipadene er ikkje forsikra. Viss nokre maskinar går i stykker, vil dei bli reparert eller bytta ut utan foreldrekostnader. Viss ein elev øydelegg utstyr med vilje, har kommunen i utgangspunktet reglar om erstatning inntil ei viss grense, men vi satsar på at det ikkje blir noko problem.

Barnehagane skal etter kvart skaffe seg meir kompetanse og utstyr, førebels er det mest MyKid vi har satsa på.

" **10/18: Fem dagars skuleveke, endra tilbod i SFO og i barnehage**

Vedtaket om 5 dagars skule kom i fjor, men vi veit at 5 dagars skule vil kunne utløyse ekstra skysskostnader.

Korleis foreldre søker, og kva slags tilbod folk ynskjer vil vise kva vi kan tilby. Vi jobbar for å leggje inn aktivitetar i kulturskule, og samarbeid med idrettslag er og jobba med, men vi har ikkje konkrete framlegg no. Dette kan vere tema på lokale FAU i skule og barnehage. Eit fullt SFO-tilbod vil truleg få nokre færre timar enn det fulle opplegget i dag som er 23 timar.

Vi har ikkje detaljerte planar for korleis dette kan organiserast, det blir ei sak vinteren 2019. Foreldra kan påverke politikarane når det ligg eit konkret framlegg.

Foreldra ynskjer konkrete innspel til organisering og kostnadsnivå så fort som råd slik at dei kan kome med innspel ut frå det.

Vi må ha eit nytt møte i KFU i februar 2019. Dato: 12. februar 2019 kl 18.00-20.00

" **11/18: Andre saker/eventuelt**

- Gjennomgang av store område i skule og barnehage, m.a satsinga på inkluderande barnehage- og skulemiljø, stor nasjonal satsing som Seljord kommune og resten av Vest-Telemark er med på.
- **Storforeldremøte med Pål Roland 10. april 2019** om arbeidet mot mobbing. Flatdal FAU har teke initiativ. Framlegg er å arrangere eit storforeldremøte, helst gratis, men aktuelt med ein liten inngangspris? Han skal ha 20 000 + reise. Finst det midlar andre plassar? Har foreldreutvala andre midlar?
Even sjekkar om det finst midlar i kommunen og i satsinga for inkluderande barnehage- og skulemiljø som vi kan leggje i potten.
Har FAU ved skulane midlar som kan leggjast i potten?
Ingunn Furuvald og Guro Mæland i FAU Flatdal er kontaktpersonar for arrangementet.
- Gratisprinsippet i skulen. Saka har vore oppe i kommunestyret fleire gongar, men er blitt utsett. Saka kjem opp i desember saman med budsjettet når det gjeld skuletur i 10.klasse. Gratisprinsippet er udiskutabelt når det gjeld opplæring og undervisning.
Foreldre kan arrangere ting, men må prøve å unngå å lage press på andre foreldre.

Ref.

Tone Bøhn

Pedagogisk konsulent